



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

N V E

Sognekraft AS
v/Kåre Fosse
Postboks 3
6891 Vik i Sogn

Vår dato: 07 JUN 2013
Vår ref.: 200901236-5 ksk/smf
Arkiv: 312/078.3Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Siri Merethe Fagerheim

NVE ber om tilleggsundersøking for Mundalselvi kraftverk, Sogndal kommune, Sogn og Fjordane

NVE viser til søknad om Mundalselvi kraftverk med vedlegg, datert 6.3.2009. NVE meiner at informasjonen om kva elva har å seie for tilhøva til anadrom fisk ikkje er godt nok skildra i rapporten om biologisk mangfald. Vi ber med dette om at elva si betydning for anadrom fisk blir dokumentert, jf. vassressurslova § 23, 2. ledd og naturmangfaldlova § 8, 1. ledd.

I biomangfaldrapporten blir det konkludert med at ei fiskeundersøking kunne vere nyttig for å klargjere nokre spørsmål i samband med førekomst av sjøaure. NVE er einig i denne vurderinga. Vi kan referere følgjande frå NVE-rettlear 3/2009:

"Er det anadrom fisk på den berørte elvestrekninga og/eller på strekninga nedanfor utløp av kraftstasjon som berøres ved utfall av kraftstasjonen, må det dokumenteres om disse er årlig eller sporadisk benyttet til reproduksjon og for hvilke arter det gjelder. Viktige gyte- og oppvekstområder skal kartlegges."

NVE finn det naudsynt å be om ei fiskeundersøking på den anadrome strekninga for å få eit tilstrekkeleg avgjerdsgrunnlag. Vi ber om at det blir gjennomført elektrofiske i samsvar med Norsk Standard (NS – EN 14011) på den anadrome strekninga. Rapporten skal dokumentere kva for fiskeartar som nyttar elvestrekninga. Vidare skal lengda på strekninga fastslåast og vandringshinder skal fotodokumenterast og kartfestast. Undersøkinga skal slå fast om anadrom fisk gyter fast eller sporadisk i vassdraget. Rapporten skal vurdere kva for konsekvensar ei eventuell utbygging vil ha for anadrom fisk i tiltaksområdet, i tillegg til moglegheter for avbøtande tiltak.

Tilleggsundersøkinga for Mundalselvi kraftverk skal utførast i samsvar med NVE-rettlear 3/2009. Undersøkinga skal utførast av ein uavhengig sakkyndig med tilstrekkeleg kompetanse til å kartleggje verdiar, gjere gode faglege vurderingar av tiltaket sine konsekvensar og skildre verknadar av avbøtande tiltak.

Undersøkinga skal sendast til NVE så snart som mogleg, men seinast innan 2. september 2013.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 NVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG


Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvøien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Kravet om tilleggsinformasjon med naudsynte undersøkingar har heimel i vassressurslova § 23, 2. ledd. Kravet er av prosessuell art og ikkje eit enkeltvedtak som kan det kan klagast på.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Siri Merethe Fagerheim
avdelingsingeniør